



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 21.03.2018  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 15.10 - 16.40

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 13.03.18 og møtet var kunngjort i pressa 07.02.18.

Ved opprop av 25 medlemmer til stades, møtande varafolk medrekna.

Av 27 medlemmer var 25 til stades ved handsaming av sakene 10-19.

Meland rådhus er sertifisert som miljøfyrtårn. Ordførar overrekte prisen til rådmannen og retta takk til Karina Garnes Reigstad og Berit Eskeland.

Rådmann takka for prisen og takka Kari Anne Iversen, Elisabeth Rød-Jensen og Øivind Buen for innsatsen.

Det var sendt inn eit spørsmål til spørjetimen, som ordførar svara på etter handsaming av sak 14.

I slutten av møtet fekk kommunestyret besøk av Serlina Wiig Sulebakk som framførte songen Puste under vann, som ho har fått gullplate for. Ordførar overrekte rosebukett.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Morten Klementsens	BF	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Åshild Aamli	MDG	Medlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem

Marthe Aadland	H	Varamedlem
Terje Larsen	H	Varamedlem
Steinar Erstad	H	Varamedlem
Ragnar Bratland	H	Varamedlem
Dag Erik Hagesæter	FrP	Varamedlem
Bente Oliveresen Sagstad	SP	Varamedlem

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>
Beate Seveline Eknes	Uavh
Fredrik Seliussen	H
Henriette Fennelly	FrP
Mabel Johansen	H
Nils Marton Aadland	H
Rune Lekven Skår	SP
Øystein Berland Blom	H
Øyvind Bratshaug	FrP
Åse Nina Sudmann	AP

---

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Martin W. Kulild, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen og sektorsjef teknisk Anny Bastesen. Økonomisjef Per Inge Olsen var til stades ved handsaming av sak 14 og 15.

Protokollfører: Randi Hilland

22. mars 2018

Øyvind H. Oddekalv  
ordfører

Randi Hilland  
konsulent

## Sakliste

Saknr	Tittel
10/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
11/2018	Godkjenning av møteprotokoll
12/2018	Referatsaker
13/2018	Orientering om status Alver kommune
14/2018	Budsjettendring investeringar – Overføring av midlar på prosjekt som ikkje vart ferdige innan årsslutt 2017.
15/2018	Driftsmidlar 2018 - Sambandet Vest AS
16/2018	Kommunal garanti for spelemidlar til etablering av fotballhall ved Fossemyra idrettspark
17/2018	Årsmelding om arbeidet i Eldrerådet 2017
18/2018	Handtering overvatn Holtermandsvegen
19/2018	Stadfesting av planprogram for områderegulering Langelandskogen og Frekhaug nord

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		18/417

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
10/2018	Kommunestyret	PS	21.03.2018

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Kommunestyret - 10/2018

#### KS - behandling:

Ordførar opplyste at behandling av sak 18 vart utsett i møtet i formannskapet 14.03. Saka må difor utsetjast i kommunestyret.

#### KS - samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste med 1 utsett sak vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		18/417

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
11/2018	Kommunestyret	PS	21.03.2018

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 14.02.2018

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 14.02.18 vert godkjent.

### Kommunestyret - 11/2018

### KS - behandling:

### KS - samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå møte 14.02.18 vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		18/417

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
12/2018	Kommunestyret	PS	21.03.2018

## Referatsaker

## Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

### Kommunestyret - 12/2018

### KS - behandling:

Det låg ikkje føre skriv og meldingar.

### KS - vedtak:

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Martin W. Kulild		18/417

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
13/2018	Kommunestyret	PS	21.03.2018

## Orientering om status Alver kommune

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

#### Kommunestyret - 13/2018

#### KS - behandling:

Ordførar orienterte om status Alver kommune og svarte på spørsmål.

På neste møte i kommunestyret er det planlagt at programansvarleg for Alver kommune, Ørjan Raknes Forthun kjem og orientere om status.

Morten Klementsén ønskte å få orienteringa skriftleg på førehand.

Fellesnemnda vurderer å sende ut faktabrev til alle kommunestyremedlemmer.

Ordførar oppmoda kommunestyremedlemmene til å lese referat frå møta i Fellesnemnda og Fellesnemnd - Partsamansett utval som ligg på Meland kommune si heimeside og i møteportalen.

#### KS - samrøystes vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 150	18/672

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
26/2018	Formannskapet	PS	14.03.2018
14/2018	Kommunestyret	PS	21.03.2018

## Budsjettendring investeringar – Overføring av midlar på prosjekt som ikkje vart ferdige innan årsslutt 2017.

### Vedlegg:

Vedlegg 1 - Framlegg buds.endr. investeringar mars 2018

Vedlegg 2 - Status Invest-2017 - Overf. til 2018

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Revidering av investeringsbudsjettet i 2018 vert gjort fordi vi har ein del prosjekt som var budsjettert og finansiert i 2017 som vi ikkje vart ferdige med innan årsslutt. Desse må budsjetterast på nytt i 2018. For slike prosjekt endrar vi ikkje det totale prosjektbudsjettet, men det er kun snakk om forskyving frå 2017 til 2018. I tillegg er det trong for tilleggsøyving til nokre prosjekt ut over vedtekne budsjetttrammer. Det er kommentert i vedlegg 1 kva prosjekt dette gjeld.

På einskilde VA-prosjekt ligg vi etter framdriften som var forutsett når budsjettet for 2018 vart utarbeidd, og det vert gjort framlegg om reduksjon av budsjettet for 2018 på desse prosjekta, med overføring til 2019.

Vedlegg 2 viser førebels investeringsrekneskap for 2017 samanlikna med budsjett. Vi har i 2017 kapitalkostnadar (investeringar) på totalt kr 113,2 mill samanlikna med eit budsjett på kr 152,9 mill. Netto mindreforbruk er kr 39,7 mill.

Rådmannen signaliserte i sak KS 111/2017 (budsjettendring investeringar 4. kv. 2017) at vi ville fremje endring i 2018 med kr 8,94 mill (kr 7,55 mill pluss mva kr 1,39 mill) på prosjekt som allereie då vart identifisert som forseinka. I samband med årsavslutninga for 2017 har vi i tillegg identifisert behov for overføring av kr 27,6 mill. inkl. mva frå 2017 til 2018. Totalt inneber framlegget at vi overfører kr 36,55 mill av budsjetterte investeringsmidlar i 2017 til 2018. Sjå vedlegg 2 for spesifikasjon på prosjekt av desse overføringane.

Tabell som viser endringsframlegget følger vedlagt som vedlegg 1.



Oppsummert er endringsframlegget slik:

<b>Investeringsbudsjett 2018 - framlegg til budsjettendring</b>	Budsj. 2018 inkl. mva	Overf. frå 2017	Tillegg eller reduksj.	Sum endr.	Rev. budsj. 2018
<i>Alle tal i heile 1000 kr og inkl. mva</i>					
IKT	3 125	1 625	-	1 625	4 750
Skular	3 500	13 813	2 150	15 963	19 463
Barnehage	7 125	-	-	-	7 125
Helse, sosial og omsorg	20 500	12 455	125	12 580	33 080
Kyrkje, kultur og næring	13 200	4 175	-	4 175	17 375
Teknisk sektor	21 188	4 300	-	4 300	25 488
<b>Sum ordinære driftmidlar:</b>	<b>68 638</b>	<b>36 368</b>	<b>2 275</b>	<b>38 643</b>	<b>107 280</b>
Sum andre kapitalutgifter:	9 650	-	-	-	9 650
<b>Sum driftsmidlar og andre kapitalutgifter</b>	<b>78 288</b>	<b>36 368</b>	<b>2 275</b>	<b>38 643</b>	<b>116 930</b>
<i>Alle tal i heile 1000 kr og eks mva</i>					
Vassverk	53 890	50	-6 500	-6 450	47 440
Avlaup	16 000	45	-	45	16 045
<b>Sum VA-investeringar:</b>	<b>69 890</b>	<b>95</b>	<b>-6 500</b>	<b>-6 405</b>	<b>63 485</b>
<b>Sum alle investeringar:</b>	<b>148 178</b>	<b>36 463</b>	<b>-4 225</b>	<b>32 238</b>	<b>180 415</b>
<b>Finansiering alle investeringar</b>					
Lån og avdrag startlån	8 600	-	-	-	8 600
Mva-refusjon	11 088	4 708	455	5 163	16 250
Bruk av disp.fond	3 000	450	-	450	3 450
Bruk av kapitalfond	2 600	-	-	-	2 600
Lån	122 890	31 305	(4 680)	26 625	149 515
<b>Sum finansiering alle driftsmidlar:</b>	<b>148 178</b>	<b>36 463</b>	<b>(4 225)</b>	<b>32 238</b>	<b>180 415</b>

Sum framlegg til auka investeringsramme for 2018 er kr 32,24 mill, opp frå kr 148,18 mill til kr 180,42 mill.

Budsjettauken er finansiert med auka mva-refusjon kr 5,16 mill, bruk av disp.fond kr 0,45 mill og auke i bruk av lånemidlar (ubrukne midlar frå 2017) kr 26,63 mill.

For kommentarar til det einskilde prosjekt, sjå vedlegg 1.

#### **Framlegg til vedtak:**

Investeringsbudsjettet for 2018 vert auka med kr 32,24 mill, opp frå kr 148,18 mill til kr 180,42 mill. Auken er finansiert med auka mva-refusjon kr 5,16 mill, bruk av disp.fond kr 0,45 mill og auke i bruk av lånemidlar (ubrukne midlar frå 2017) kr 26,63 mill. Spesifikasjon på prosjekt som i vedlegg 1 til saksutgreinga.

## **Formannskapet - 26/2018**

### **FS - behandling:**

#### **FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

Investeringsbudsjettet for 2018 vert auka med kr 32,24 mill, opp frå kr 148,18 mill til kr 180,42 mill. Auken er finansiert med auka mva-refusjon kr 5,16 mill, bruk av disp.fond kr 0,45 mill og auke i bruk av lånemidlar (ubrukne midlar frå 2017) kr 26,63 mill. Spesifikasjon på prosjekt som i vedlegg 1 til saksutgreiinga.

## **Kommunestyret - 14/2018**

### **KS - behandling:**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

Investeringsbudsjettet for 2018 vert auka med kr 32,24 mill, opp frå kr 148,18 mill til kr 180,42 mill. Auken er finansiert med auka mva-refusjon kr 5,16 mill, bruk av disp.fond kr 0,45 mill og auke i bruk av lånemidlar (ubrukne midlar frå 2017) kr 26,63 mill. Spesifikasjon på prosjekt som i vedlegg 1 til saksutgreiinga.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild	FE - 026, FE - 037	18/612

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
19/2018	Formannskapet	PS	14.03.2018
15/2018	Kommunestyret	PS	21.03.2018

## Driftsmidler 2018 - Sambandet Vest AS

### Vedlegg:

Referat frå styremøte nr. 1 i Sambandet Vest AS, 06.02.2018

E-postmelding - Referat frå styremøte nr. 1 i Sambandet Vest AS, 06.02.2018

Status Sambandet Vest AS og referat frå styremøte nr. 1 2018, 06.02.18

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune har mottatt e-postar og referat frå styremøte i Sambandet Vest AS, vedr. driftsmidler for 2018 (sjå vedlegg). Styret i Sambandet Vest har i styremøte 06.02.18 lagt grunnlaget for eit driftsbudsjett for 2018, og har vedtatt at eigarane skal bidra med driftsmidler fordelt etter eigardel. Totalbudsjettet er på kr 600.000 og Meland kommune sin del er på kr 99.310.

Styret i Sambandet Vest AS ber eigarane gjere vedtak om å bidra til driftsmidler for 2018. Vedtaka frå eigarane vil vere mandat for eigarrepresentantane på generalforsamling april 2018, i forhold til å betale inn sin del til drift 2018. Endelig driftsbudsjett vil bli vedtatt av generalforsamlinga.

Etter eigardelane blir tilskot per eigar følgjande:

Eier	Andel	Tilskudd
Askøy kommune	300	124.137,-
Meland kommune	240	99.310,-
Lindås kommune	220	91.035,-
Austrheim kommune	220	91.035,-
Radøy kommune	220	91.035,-
Wimoh invest as	200	82.758,-
CCB	50	20.690,-
<b>totalt</b>	<b>1450</b>	<b>600.000,-</b>

## Budsjettforslag 2018 for Sambandet Vest AS

<b>SAMBANDET VEST AS</b>		
<b>Budsjettforslag 2018</b>		
5330	Godtgjørelse til styre- og bedriftsforsamling	110 000,00
5400	Arbeidsgiveravgift	15 500,00
6700	Revisjons og regnskapshonorarer	50 000,00
6702	Kjøp av tjenester Askøy kommune	310 000,00
6720	Honorarer for økonomisk og juridisk bistand	80 000,00
6721	Konsulentonorar	-
6725	Nettside	10 000,00
6810	Datakostnad	5 000,00
6860	Møter, kurs, oppdatering etc.	2 000,00
7395	Øreavrunding	-
7400	Kontingenter, fradragsberett.	4 000,00
7700	Styre- og bedriftsforsamlingsmøter	5 000,00
7770	Bank og kortgebyrer	2 000,00
7798	Annen kostnad, fradragsberettiget	
8050	Annen renteinntekt	-
8150	Annen rentekostnad	
	<b>Total</b>	<b>587 500,00</b>

### Vurdering

Med bakgrunn i vedtak i sak 12/2018 av 31.01.2018 (formannskapet, vedtak kr 53.074) om «Ny aksjekapital Sambandet Vest AS» og budsjettinnstilling frå styret i Sambandet Vest as, bør Meland kommune følge opp søknad om driftsmidlar til Sambandet Vest for 2018. Driftsmidlar for 2018 utgjør for Meland sin del 99.310 kr, og midlane blir henta frå disposisjonsfondet. Midlane vert utbetalt etter at det er mottatt faktura frå Sambandet Vest.

### Framlegg til vedtak:

- Meland kommune betaler inn 99.310,- kr i driftsmidlar for 2018 til Sambandet Vest AS, jfr vedtak frå styret i selskapet
- Driftsmidlane vert dekket av disposisjonsfondet.

### Formannskapet - 19/2018

### FS - behandling:

### FS – samrøystes framlegg til vedtak:

- Meland kommune betaler inn 99.310,- kr i driftsmidlar for 2018 til Sambandet Vest AS, jfr vedtak frå styret i selskapet
- Driftsmidlane vert dekket av disposisjonsfondet.

## **Kommunestyret - 15/2018**

### **KS - behandling:**

#### **Tilleggsframlegg frå Ørjan Kristiansen, Uavh:**

Alle rapporter, utredninger og møtoreferat fra Sambandet Vest gjøres tilgjengelig på nettsiden til Sambandet Vest, for enkel tilgjengelighet for alle som søker informasjon der.

#### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå formannskapet fekk 21 røyster for, (7 AP, 5 H, 3 Sp, 3 KrF, 2 FrP, 1 V), 4 røyster mot, (2 MDG, 1 BF, 1 Uavh), og er såleis vedteke.**

**Tilleggsframlegget frå Ørjan Kristiansen vart samrøystes vedteke.**

### **KS - vedtak:**

- Meland kommune betaler inn 99.310,- kr i driftsmidlar for 2018 til Sambandet Vest AS, jfr vedtak frå styret i selskapet
- Driftsmidlane vert dekkja av disposisjonsfondet.

Alle rapporter, utredninger og møtoreferat fra Sambandet Vest gjøres tilgjengelig på nettsiden til Sambandet Vest, for enkel tilgjengelighet for alle som søker informasjon der.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - D11	18/553

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
20/2018	Formannskapet	PS	14.03.2018
16/2018	Kommunestyret	PS	21.03.2018

## Kommunal garanti for spelemidler til etablering av fotballhall ved Fossemyra idrettspark

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

IL Kvernbit har den 22.02.2018 levert søknadar om (1) idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for etablering av fotballhall og rehabilitering av kunstgrasbane, og (2) kommunal garanti for spelemidler til etablering av idrettshall.

Planar for anlegg som det vert søkt spelemidler til, må på førehand vere idrettsfunksjonelt godkjende av Kulturdepartementet. Denne godkjenningsmynda er delegert til kommunane, som likevel kan velje å sende søknadar om godkjenning til departementet for handsaming. I dette tilfellet er det tilrådd å vidarese saka til departementet grunna sakas kompleksitet i høve spelemidler, der IL Kvernbit både byggjar nytt, rehabiliterar og avviklar på same tid. Ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må vere søkjar i hende før byggjearbeida er i gang.

Dersom andre enn kommune eller fylkeskommune søker spelemidler til visse typar anlegg, derav alle typar hallar, og der samla tilskot vert høgare enn kr 4 mill., må kommunen der anlegget ligg garantere for tilbakebetaling av tildelte og utbetalte spelemidler ved tilskotsmottakars eventuelle misleghald av krava til drifta av og disposisjonen over anlegget. Desse krava er mellom anna at anlegget skal vere opent for ålmenn idrettsleg aktivitet, at det skal vedlikehaldast og oppfylle ulike krav til drifta av anlegget. Ein slik garanti skal vere ein selvskyldnargaranti, med garantitid på 20 år. Dersom garantiansvaret overstig kr 0,5 mill., må garantien sendast til godkjenning hos fylkesmannen.

IL Kvernbit legg opp til å byggje fotballhall med speleflate 40x60m. Maksimal tilskotssum for denne hallstorleiken er kr 5 mill., og søknad om spelemidler til halletableringa er avhengig av kommunal garanti på tilsvarande sum.

For ytterlegare bakgrunn vil ein vise til *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2017, 3. utgåve*. (Kulturdepartementet, nov. 2017), særleg punkt 2.2.4 – *Kommunal garanti* og punkt 2.5 – *Idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning av planer*, samt plansak 1256 2016 0006 – Fosse idrettsanlegg.

## **Vurdering**

Dersom IL Kvernbit skal kunne søkje spelemidlar til etablering av fotballhall, krev dette kommunal garanti. Det er ikkje å forvente at idrettslaget kan gjennomføre utbygginga utan spelemidlar.

Ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er avhengig av ei rekkje fastsette vedlegg, mellom anna kostnadsoverslag, finansieringsplan, driftsplan, situasjonsplan, teikningar og forankring i kommunal plan for idrett. Somme av desse tilhøva er avhengig av utfallet av *Klage på plansak 1256 2016 0006 – Fosse idrettsanlegg*, UDU-03/2018. Spørsmålet om kommunal garanti vil likevel gjelde uavhengig av endeleg plassering av hall. Dersom utfallet av klaga fører til at hall ikkje vert etablert, vil garantien falle bort.

Bygging av fotballhall er forankra i *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*. Ein vil vise til temaplanen og nemnde plansak for ytterleg bakgrunn og behovsgrunnlag.

## **Folkehelse**

Etablering av fotballhall vil vere svært positivt for folkehelsa til spesielt barn og unge.

## **Miljø**

Etableringa har innverknad på miljøet. Kunstgrasdekke, samt drift av dette, er rapportert til å skulle ta omsyn til forventa kommande krav i høve granulatproblematikk.

## **Økonomi**

Kommunal garanti vert handsama med bakgrunn i *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garanti* (FOR 2001-02-02 nr. 144), som er hjemla i Kommunelevens §51. *Garantier og pantsetting for andres økonomiske forpliktelser*.

Ein selvskyldnargaranti vil ikkje belaste kommuneøkonomien før eit eventuelt misleghald ligg føre, jf. *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2017, 3. utgåve*. (Kulturdepartementet, nov. 2017), punkt 2.3 – *Krav til driften av og disposisjonen over anlegget*.

Ved ein selvskyldnargaranti er det tilstrekkeleg å vise at det krav som garantien dekkjer er misleghaldt. Manglande betalingsevne eller sviktande betalingsvilje er utan betydning for misleghaldet. Garantisten kan gjere gjeldande motsegn mot kreditor i det underliggende tilhøve, til dømes manglande oppfylling av ein skyldnad eller at kravet er allereie betalt ved motrekning. Selvskyldnargarantisten står ansvarleg som om han selv er skyldnar, men kan òg gjere gjeldande skyldnarens motsegn.

## **Konklusjon**

Etablering av fotballhall ved Fossemyra idrettspark er forankra i *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*, og ei viktig satsing for IL Kvernbit. Tiltaket vil ha ein svært positiv effekt for folkehelsa til alle som bur i Meland kommune, eit behov som òg vil vere til stades i Alver kommune.

Etableringa er avhengig av spelemidlar, og det er eit krav i føresegna om å stille kommunal garanti tilsvarende søknadssum, i form av ein selvskyldnargaranti på 20 år.

Det vert tilrådd til at Meland kommune stiller selvskyldnargaranti på inntil kr 5 mill.

### **Framlegg til vedtak:**

Alternativ A:

Kommunestyret godkjenner at:

1. Meland kommune stiller selvskyldnargaranti på inntil kr 5 mill, for spelemidler til fotballhall med speleflate 40x60m ved Fossemyra idrettspark
2. Garantitida vert sett til 20 år frå utbetaling av spelemidler frå Kulturdepartementet/Hordaland fylkeskommune
3. Det vert utarbeidd ein eigen selvskyldnargarantiavtale mellom IL Kvernbit og Meland kommune
4. Garantien er avhengig av fylkesmannens godkjenning, samt godkjend reguleringsplan

Alternativ B:

Kommunestyret avviser søknad frå IL Kvernbit om kommunal garanti for spelemidler til etablering av fotballhall ved Fossemyra idrettspark.

### **Formannskapet - 20/2018**

**FS - behandling:**

**Framlegg til vedtak i møtet:**

Formannskapet gjer framlegg om Alternativ A:

**Avrøysting:**

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

**FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

Alternativ A:

Kommunestyret godkjenner at:

1. Meland kommune stiller selvskyldnargaranti på inntil kr 5 mill, for spelemidler til fotballhall med speleflate 40x60m ved Fossemyra idrettspark
2. Garantitida vert sett til 20 år frå utbetaling av spelemidler frå Kulturdepartementet/Hordaland fylkeskommune
3. Det vert utarbeidd ein eigen selvskyldnargarantiavtale mellom IL Kvernbit og Meland kommune
4. Garantien er avhengig av fylkesmannens godkjenning, samt godkjend reguleringsplan



## Kommunestyret - 16/2018

### **KS - behandling:**

#### **Framlegg til nytt pkt. 5 frå Miljøpartiet Dei Grøne:**

- Føreset at det blir tatt omsyn til forventa komande krav til kunstgrasdekke og granulatproblematikk. Dette må følgjast opp gjennom handlingsplanar for å sikre mest mogeleg miljøvenleg drift av bana.

### **Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 3 røyster for, (2 MDG, 1 BF), 22 røyster mot, (AP, H, FrP, SP, KrF, V, Uavh), og fall.**

### **KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at:

1. Meland kommune stiller selvskyldnargaranti på inntil kr 5 mill, for spelemidlar til fotballhall med speleflate 40x60m ved Fossemyra idrettspark
2. Garantitida vert sett til 20 år frå utbetaling av spelemidlar frå Kulturdepartementet/Hordaland fylkeskommune
3. Det vert utarbeidd ein eigen selvskyldnargarantiavtale mellom IL Kvernbit og Meland kommune
4. Garantien er avhengig av fylkesmannens godkjenning, samt godkjend reguleringsplan

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033, TI - &14	18/341

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
17/2018	Kommunestyret	PS	21.03.2018

## Årsmelding om arbeidet i Eldrerådet 2017

### Vedlegg:

Årsmelding 2017 -

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Eldrerådet godkjente i møte 08.02.17 årsmelding for Eldrerådet dat. 09.02.17. I reglement for Eldrerådet § 2 står det at årsmelding skal leggjast fram for kommunestyret.

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding frå Eldrerådet dat. 08.02.17 til vitande.

## Kommunestyret - 17/2018

### KS - behandling:

Leiar av Eldrerådet Sigurd Knudsen la fram årsmeldinga frå Eldrerådet.

### KS - samrøystes vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding frå Eldrerådet dat. 08.02.17 til vitande.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Moe	FA - K54, HistSak - 14/165	17/3126

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
23/2018	Formannskapet	PS	14.03.2018
18/2018	Kommunestyret	PS	21.03.2018

## Handtering overvatn Holtermandsvegen

### Vedlegg:

Multiconsult - beregninger Holtermandsvegen

Arealplankart - Frekhaug senter

Utløp overvassleidning Frekhaug senter

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune vart varsla om flaum i Holtermandsvegen 28.12.2017. Det har fleire gonger vore problem med flaum i same område, og kommunen har tidlegare gjort avbøtande tiltak for å betre forholda. Det har mellom anna blitt lagt ny dreinsleidning ut av området og avskjerande dreinsgrøfter har blitt oppgradert. Tiltaka har dessverre ikkje fungert etter intensjonen, noko flaumen jula 2017 viser. Meland kommune engasjerte difor Multiconsult i januar 2018 for å undersøkje nedbørsfeltet som Holtermandsvegen er ein del av. Multiconsult har utarbeidd eit notat som viser resultatet av undersøkingane i området og kva for tiltak som bør setjast inn. Tiltaka tar omsyn til situasjonen i dag, framtidig utbygging i nedbørsfeltet, samt auka nedbørsintensitet som følgje av klimaendringar.

#### Vurdering

Multiconsult har konkludert med at det vil vere behov for nye overvasstiltak i Holtermandsvegen. Eksisterande overvassleidning har ifølgje Multiconsult ikkje tilstrekkeleg kapasitet. Det er forventa at kostnadene vil komme på over to millionar kroner. Spørsmålet kommunen må ta standpunkt til, er kven som skal ta ansvar for å gjennomføre overvasstiltaka. Skal kommunen ta ansvaret for å handtere overvassproblematikken eller skal ein krevje at bebruarane i Holtermandsvegen eller andre aktørar må ta kostnadene.

Ansvar for å handtere overvatn følgjer normalt eigarskap. Sjå mellom anna vannressursloven § 47 som fastslår at tiltakshaver kan bli ansvarleg, samt plan- og bygningsloven som fastslår at tiltakshaver, ansvarleg søkjar, nabo mv. kan bli ansvarleg.

Klimatilpasningsmeldinga (Meld. St. 33 (2012-2013) nyanserer ansvaret noko. Meldinga (s. 35) seier at eit grunnleggande prinsipp for arbeidet med klimatilpassinga er at «ansvaret for klimatilpassingen ligger til den aktøren som har ansvaret for en oppgave eller funksjon som blir berørt av klimaendringer. Det innebærer at alle i samfunnet har et ansvar for klimatilpassingen; den enkelte, husholdninger, private foretak og myndigheter».

NOU 2015: 16 Overvann i byer og tettsteder går enda lenger i å løfte ansvaret og meiner at staten og kommunen bør ha eit overordna ansvar for handtering av overvatn. Men utvalet påpeiker samtidig at ein betydeleg del av ansvaret for overvasshandtering også må liggje på grunneigarar og anleggseigarar. Utvalet meiner at den enkelte har eit særskilt ansvar for å handtere overvatn på sin eigedom. Samstundes må grunneigarar finna seg i å tola den naturlege avrenninga innanfor det avrenningsområdet som eigedomen er ein del av. Som ein konsekvens av dette meiner utvalet at det ligg til den enkelte å førebyggja skade. Det vart særskilt poengtert i den gamle vassdragsloven og i rettleiinga til den tidlegare byggtekniske forskrift § 15-10 første ledd at «Eieren av nedenforliggende eiendom må påregne vannets naturlige løp over sin grunn».

Som det går fram av drøftinga i avsnitta over er overvassproblematikk eit utfordrande tema, og det er ikkje klare reglar for kven som har ansvaret.

Bebuarane i Holtermandsvegen meiner at utbygging av Frekhaug senter og bygging av ny fylkesveg 564 har ført til meir overvatn og flaum i Holtermandsvegen. Bebruarane peiker også på at «manglende / ikke fungerende avløpssystem i og rundt Frekhaug senter inkludert avløpssystem for hovedveg» har ført til meir overvatn mot deira eigedomar.

På bakgrunn av den hydrologiske rapporten finn kommunen det sannsynleg at tidlegare utbygging i sentrumsområdet og bygging av ny fylkesveg har ført til meir overvatn mot Holtermandsvegen. Dette talar for at bebruarane i Holtermandsvegen ikkje skal vere ansvarleg for å handtere overvassproblematikken.

Hordaland fylkeskommune står som vegeigar av fylkesvegen og såleis ansvarleg for å sikre overvatn som følgje av den. Kommunen bør vurdere om ein skal undersøkje nærare om fylkesvegen har ført til meir overvatn mot Holtermandsvegen og såleis om fylkeskommunen skal ta deler av kostnadene med overvasshandteringa. Ei slik undersøking kan føre til manglande ansvars plassering, fordi det ofte er krevjande å vurdere kva som er årsak til overvassproblemet. NOU 2015:16 Overvann i byer og tettsteder (side 43) seier om dette at «den konkrete årsaken for overvannsskader er vanskelig å identifisere, siden overvann skyldes både naturlige forhold (mye nedbør, topografiske forhold), og kollektivt påførte skader (utslipp av klimagasser, mange små utbygginger)». Manglande ansvars plassering kan føre til at overvass tiltak blir gløymd, nedprioritert eller feildimensjonert.

I sentrumsområdet er det planlagd utviding av Frekhaug senter. Det er i følgje reguleringsplanen «Områderegulering for Frekhaug senter» planlagd utbygging av offentleg og privat tenesteyting og konsentrert småhusbebyggelse i deler av området som no er skog. Vedtatt plankart er vedlagt. Den planlagde utvidinga av Frekhaug senter vil føre til fleire tette flater som igjen vil føre til meir overvatn mot eksisterande busetnad i Holtermandsvegen. Skader som blir påført av ein utbyggjar som har økonomisk vinning i prosjekta bør ikkje bli dekt av kommunen sitt budsjett. Kommunen bør derfor vurdere om utbyggjar bør dekkje delar av kostnadene av overvasshandteringa. Også her må ein ta med i vurderinga at det kan føre til manglande ansvars plassering og konsekvensane av det.

Kommunen har i tillegg nyleg satt i gang eit prosjekt med å skifte ut leidningane i sentrumsområdet. Samtidig med at leidningane vert oppgradert vert det også lagt ny overvassleidning. Den nye overvassleidningen skal ha større kapasitet enn den gamle. Overvassleidning vil ha utløp i området over Holtermandsvegen, på same plass som dagens utløp. Sjå vedlagt kart som viser overvassleidningen i svart strek. Grannelova § 2 seier at ingen må «ha, gjera eller setja i verk noko som urimeleg eller uturvande er til skade eller ulempe på graneieigedom». Kommunen står som tiltakshaver for prosjektet og er såleis ansvarleg for å sikre overvasshandtering også mot eksisterande busetnad.

Dei fleste område med etablert busetnad, infrastruktur, næringsverksemd etc. vart utvikla i ei tid med eit langt lågare kunnskapsnivå om mogelege overvassutfordringar, og dermed lågare krav til sikring. Husa i Holtermandsvegen 14-22 ligg svært flatt og husa er lite oppbygd over terrenget. Multiconsult viser i tillegg til at husa ligg i ein dalbotn med eit lukka bekkeløp gjennom området, noko som gjer området flaumutsett. Det var kommunen som i si tid godkjente bygging av einebustader i Holtermandsvegen. Eigedomane er plassert etter kommunen si tilvising. Det er i kommunen si interesse å vere opptatt av trygge bustadområde. Kommunen bør difor strekkje seg langt for å sikre eksisterande busetnad mot framtidige skader. Sjølv om kommunen ikkje kunne forutsjå klimautfordringane på den tida reguleringsplanen vart godkjent, er kommunen den profesjonelle part og må derfor ta eit stort ansvar.

Det er venta at episodar med kraftig nedbør vil auke vesentleg i intensitet og frekvens. Det betyr at utfordringane med overvatn blir større enn dei er i dag. Større kapasitet på overvassleidningen i sentrumsområdet, fleire tette flater og oftare store nedbørsmengder som følgje av klimaendringane vil føre til meir overvatn mot Holtermandsvegen.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

### **Konklusjon**

Som tidlegare nemnt er overvassproblematikken eit utfordrande tema og det fins lite juridisk teori og praksis på område, samt få nasjonale føringar for overvasshandtering. Det har difor vore vanskeleg å vurdere om kommunen har det fulle ansvaret for å handtere overvassproblematikken i Holtermandsvegen. Sjølv om kommunen bør vurdere om fylkeskommunen og framtidige utbyggjarar i sentrumsområdet bør ta deler av ansvaret, vil dette seinke prosessen med å få til ei løysning. Utviklinga tydar på at det blir kortare mellomrom mellom store nedbørsmengder og det er difor viktig å få til gode løysingar innan rimeleg tid. Kommunen har ikkje funne grunnlag for å sei at bebuarane i Holtermandsvegen skal vere ansvarleg for å handtere overvatn i Holtermandsvegen. Det er difor sterkt urimeleg dersom dei skal bli skadelidne på grunn av manglande ansvars plassering mellom ulike aktørar. Kommunen har tidlegare tatt ansvar for å handtere overvassproblema i Holtermandsvegen. Tiltaka som vart gjort den gong har ikkje vore tilstrekkeleg. Når det før ikkje er inngått eit samarbeid med andre aktørar vil det vere utfordrande å gjere dette no.

Som nemnt blir det i klimatilpasningsmeldinga (Meld. St. 33 (2012-2013), ss. 52-53) lagt eit særskilt ansvar for overvasshandtering til kommunane.

På bakgrunn av ovannemnde bør kommunen ta på seg ansvaret for å handtere overvassproblematikken i Holtermandsvegen. Kommunen bør sørgje for tiltak som løyser dei overvassutfordringane som vert venta. Grunneigarane er ansvarleg for at evt. takvatn som i dag er tilkopla avlaupsleidningar vert kopla på ny overvassleidning.

Multiconsult har antyda at legging av overvassrør vil ha ein kostnad på rundt 1,2 mill kr eks mva. I tillegg kjem kostnader med flaumveg gjennom GBNR 23/392, asfalt og tiltak for å hindre utgraving av myra. I tillegg kan det vere aktuelt å samtidig bytte ut eksisterande vass- og avlaupsleidningar i Holtermandsvegen. Estimert kostnad på alle tiltaka er mellom 2 og 2,5 mill kr eks mva. Rådmannen rår til at det vert oppretta eit eige prosjekt «Handtering overvatn Holtermandsvegen» med ei ramme på 2,5 mill kr eks mva, finansiert over investeringsbudsjettet for avlaupsanlegg.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at det vert oppretta eit eige prosjekt «Handtering overvatn Holtermandsvegen» med ei ramme på 2,5 millionar eks mva, finansiert over investeringsbudsjettet for avlaupsanlegg.»

**Formannskapet - 23/2018****FS - behandling:**

Sektorsjef teknisk Anny Bastesen orienterte.

**Framlegg til vedtak frå Anne Grete Eide, AP:**

Saka blir utsett.

Ein må sjå på overvassproblematikken i Holtermandsvegen i ein større samanheng (Frekhaug senter, Frekhaug terminal, Langeland, Torvvegen, Paktarmyra).

Overvassproblematikken må vurderast i arbeidet med planlegging av nytt kryss på Frekhaug og vegen opp mot Sagstad.

**Utsetjingsframlegget frå Anne Grete Eide, AP vart samrøystes vedteke.****FS - samrøystes vedtak:**

Saka blir utsett.

Ein må sjå på overvassproblematikken i Holtermandsvegen i ein større samanheng (Frekhaug senter, Frekhaug terminal, Langeland, Torvvegen, Paktarmyra).

Overvassproblematikken må vurderast i arbeidet med planlegging av nytt kryss på Frekhaug og vegen opp mot Sagstad.

**Kommunestyret - 18/2018****KS - behandling:****KS - vedtak:**

Saka vert utsett.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FA - L12	17/2872

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
24/2018	Formannskapet	PS	14.03.2018
19/2018	Kommunestyret	PS	21.03.2018

## Stadfesting av planprogram for områderegulering Langelandskogen og Frekhaug nord

### Vedlegg:

125720170004\_Merknader\_samlet\_2018.02.26

125720170004\_Planprogram\_revisjon\_etter\_høyring\_2018.02.26

125720170004\_Merknadsskjema\_2018.02.26

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune har fått utarbeida planprogram for arbeidet med områdereguleringen og har varsla oppstart på planarbeidet. Planprogrammet skal synleggjera føremålet med planarbeidet, visa kva plantema, problemstillingar og utgreiingar planarbeidet skal ha fokus på. Det skal og omtale korleis planprosessen med m.a. medverknad er tenkt lagt opp. Planen utløyser konsekvensutgreiingsplikt etter plan- og bygningslova §4-1 og §4-2 og etter vedlegg i forskrift om konsekvensutgreiingar. Planprogrammet skal gje ei oversikt over kva tema som skal konsekvensutgreiast og gje grunnlag for å kunna koma med innspel og kommentarar tidleg i planprosessen. Planprogrammet har vore på høyring og offentleg ettersyn med frist 30 januar 2018. Det er kome inn 13 merknader.

#### Vurdering

Mål med planarbeidet: Områdeplanen skal legge til rette for utvikling av Langelandskogen og ein del av sentrumsområdet i Frekhaug nord, Lonena. Planen skal fremme berekraftig tettstadsutvikling med bustader, næring, service- og tenesteytande offentlege funksjonar og grøntstruktur.

#### Medverknad

Langelandskogen og Lonena er ein del av Frekhaug sentrum som skal bli eit attraktivt lokalsenter i Alver kommune, vidare utvikling av området er viktig for den samla arealbruken og tettstadsutviklinga i kommunen. Dette vil vere eit område der innbyggjarane har stor interesse av korleis det blir utvikla. Det er og ei rekkje offentlege funksjonar som skal planleggast her, mellom anna ungdomsskule. Vi vil i planprosessen ha eit særleg fokus på å involvere innbyggjarane, særleg knytt opp mot barn og unge sine oppvekstvilkår. Det vert utarbeida ein eigen medverknadstrategi

for dette arbeidet. Det vert opne møter og kontordagar der planarbeidet er tema. Det skal vere temamøte med ungdomsrådet.

Den formelle saksgangen sikrar og medverknad gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn

### Organisering

Det er Multiconsult Norge AS som vil stå for den praktiske utarbeidinga av framlegg til områdeplan under leiding av Meland kommune og Vest-Land eigedom AS. Planarbeidet er eit offentleg privat samarbeid.

Formannskapet er politisk styringsgruppe for planarbeidet.

### Hovudtrekk i merknadene til planprogrammet

Planprogrammet har vore på høyring og offentleg ettersyn med frist 30 januar 2018. Det er kome inn 13 merknader.

Det er kome inn 5 merknader frå privatpersoner. Desse vert teke til orientering.

Det er kome inn 8 merknader frå offentlege instansar.

Fylkesmannen i Hordaland peiker på at dyrka mark må ivaretakast i planarbeidet. Fylkesmannen er kritisk til å opne for utbygging på landbruksarealet sør i planområdet.

Rådmannen sitt utgangspunkt er å skjerme fulldyrka jord, men det er ynskeleg å utgreie om Frekhaug sin trong for utvikling og infrastrukturtiltak kan stettast innanfor byggeområda i gjeldane arealplan eller ikkje.

Statens vegvesen (SVV) skriv at det må settast krav om rekkefølge til gangakse frå Langelandskogen langs fv. 244 slik at skulevegen er ferdigbygd før det vert gitt løyve til igangsetting av bustadbygging.

Planområdet overlappar delvis med to av SVV sine pågåande planarbeid tilknytt Nordhordlandspakken. Fv. 564 og fv. 245. Skiljet mellom plangrensene må avklarast undervegs, samd tilpassingar til planlagd vegsystem. SVV meiner at ei trafikkanalyse for dei ulike alternativa vil vere nyttig når tema trafikk- og transportbehov skal greiast ut. Rådmann meiner at temaet trafikk- og transportbehov og deira konsekvensar vil verte tilstrekkeleg skildra i planframlegget.

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på senterstruktur, senterutvikling og handel, sykkel og gange og kollektivtransport. Frekhaug har eit godt potensiale for sentrumsattraktivitet i form av byliv. HK viser til regional plan for attraktive senter i Hordaland samt Retningslinjer for arealplanar i sentrumsområde som førande for vidare planarbeid.

Hordaland fylkeskommune meiner kommunen bør avgrense sentrumsområdet gjennom arbeidet med områdeplanen. Planarbeidet må ha stort fokus på å legge til rette for gode kryssingsmogelegheiter for mjuke trafikantar.

Merknadene er etter rådmannen sitt syn ikkje av ein slik karakter at det er behov for store endringar i planprogrammet. Det er gjort ein del mindre rettingar og redaksjonelle endringar, men dette krev



ikkje ny utlegging av planprogrammet til offentlig ettersyn.

*Oppsummering av merknader og rådmann si vurdering ligg ved dokumentet.*

#### Framdrift og organisering av det vidare planarbeidet

<b>Fasar i planarbeidet</b>	<b>Informasjon</b>	<b>Kommunal handsaming</b>	<b>Framdrift</b>
Vedtak om oppstart av planarbeid		Formannskapet	Haust 2017
Kunngjøring av oppstart av og offentlig ettersyn av planprogram.	Kunngjøring av framlegg til planprogram. Innspel frå offentlege etatar og partar	Meland kommune /Multiconsult	Desember 2017 - Januar 2018
Vedtak av planprogram		Kommunestyret	Mars 2018
Utarbeiding av framlegg til reguleringsplan med konsekvensutgreiing – KU	-Innsamling av kjent kunnskap om planområdet -Synfaring og registrering - Drøfting med fagetatar og partar. -Utgreiing.	Meland kommune /Multiconsult	Mars 2018 - August 2018
1. gongs handsaming av planforslag		Formannskapet	September 2018
Offentleg ettersyn av planforslaget	-Ope møte -Offentlege etatar -Allmennheten		November 2018
2. gongs handsaming og ev.t tillegg KU	-Gjennomgang av merknader - Prosess med partar før endring av planen	Meland kommune/ Multiconsult	Vår 2019
Vedtak av reguleringsplan		Kommunestyret	Vår 2019

#### **Konklusjon**

Rådmann meiner planprogrammet gjev eit godt grunnlag for arbeidet med områderegulering av Langelandskogen og Frekhaug nord. Det er ikkje behov for å revurdere planprogrammet etter at planen har vore på høyring og offentlig ettersyn. Rådmann vil tilrå at planprogrammet vert godkjent slik det ligg føre.

**Framlegg til vedtak:**

I medhald av plan – og bygningslova & 11-3. godkjenner kommunestyre planprogram for områderegulering av Langelandskogen og Frekhaug nord.

**Formannskapet - 24/2018****FS - behandling:****Tilleggsframlegg i møtet:**

I områdeplanen må ein ha stort fokus på trygg kryssing av FV 564 for mjuke trafikantar.

**Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.**

**FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

I medhald av plan – og bygningslova & 11-3. godkjenner kommunestyre planprogram for områderegulering av Langelandskogen og Frekhaug nord.

I områdeplanen må ein ha stort fokus på trygg kryssing av FV 564 for mjuke trafikantar.

**Kommunestyret - 19/2018****KS - behandling:****KS - samrøystes vedtak:**

I medhald av plan – og bygningslova & 11-3. godkjenner kommunestyre planprogram for områderegulering av Langelandskogen og Frekhaug nord.

I områdeplanen må ein ha stort fokus på trygg kryssing av FV 564 for mjuke trafikantar.